

Topp resultat for Dønhaug Gardsbarnehage i foreldreundersøking.

28.02.2020



Dønhaug Gardsbarnehage scorar høgt på foreldreundersøking 3. året på rad.

Dønhaug Gardsbarnehage får mest topp karakter i foreldreundersøkinga 2019. Av maks scor på 5 oppnår barnehagen 4,9 mot 4,8 året før. Berre Hatlestrand barnehage er betre med topp plassering på 5 poeng. Uskedal barnehage ligg på landssnittet med ein scor på 4,5. Det er tredje året på rad at Dønhaug Gardsbarehage gjer det så godt.

Tala kjem fram med bakgrunn i ei årleg foreldreundersøking for barnehagane i landet. Svarprosenten i gardsbarnehagen er 100 %.

Barnehagestyrrar Helene Huse Bjørnebøle er godt nøgd med resultatet. Målet er å byggja gode relasjonar der alle skal trivast og føla seg trygge. Arbeidet vidare vert å halda fram det gode arbeidet og setja inn forbetring der det trengst.



Ein gardsbarnehage må ha dyr med i sin logo.

Her er resultata for nokre av barnehagane i Kvinnherad:

- Hatlestrand barnehage 5,0
- Dønhaug Gardsbarnehage 4,9
- Handeland barnehage 4,8
- Espira Halsnøy Kloster 4,6
- Rosendal FUS barnehage 4,6

Uskedal barnehage saman med Omvikdalens barnehage og Bringedalsbygda barnehage fekk 4,5.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal